



Ingrid Marie Eikeland
Eikelandsvegen 171
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1238 - 19/12783

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

06.06.2019

Retting av grense på kart GBNR 42/61

Me viser til krav om retting av eigedomsgrenser datert 21.mai. 2019.

Kravet om retting var signert av John Johnsen og Ingrid Eikeland for naboeigedom gbnr. 42/8. Skylddelingsforretninga var ikkje vedlagt, men gjengitt i tekstform i eige vedlegg. Grensemerka var innmålt med håndholdt GPS med gjentatte målingar. Kommunen føreset at oppgitte mål samsvarar med skyldskiftet.

Kommunen ser det som sannsynleg at plasseringa av desse eigedomsgrensene var feilt i kartet, då grensene som var innteikna i kartet gjekk rett gjennom hytta. Kommunen finn det dokumentert at omsøkte retting er riktig. Retting av grenser i kartet fører berre til eit meir rett eigedomskart men det er framleis skyldskiftet og nedsatte merker i marka som gjeld.

Rettinga er no utført. Grensene vil no altså vera meir rett i kartet, men har framleis ein unøyaktig kvalitet (ikkje nøyaktig innmålt) i matrikkelen.

Vedlagt er matrikkelkart over eigdommen etter at grensene er retta i eigedomskartet. Eigar av 42/61 får tilsendt fullstendig matrikelbrev etter retting og de som nabo får tilsendt kartdelen av matrikelbrevet for 42/61. Ein føreset at den som har signert kravet om rettinga, underrettar medegar til eigdommen.

Eit matrikelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.statkart.no for meir informasjon om matrikkelen.

Eigdommen er å finna på www.seeiendom.no og www.nordhordlandskart.no

Klage:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

42_61_matrikkelkart etter retting av eigedomsgrenser
42_61_matrikkelgrenser før retting

Mottakere:

Ingrid Marie Eikeland

Eikelandsvegen 5917
171

ROSSLAND